



Tidlegare i år har Olaf Agnar Gausvik hatt stor suksess på heimebane med "Det droplar og det dryp". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Litt oppmuntra av diskusjonen tidlegare i år om Ulvanåso har den utflytta uskedeling og skrivande kar Olaf Agnar Gausvik skreve ein fabel som omhandlar alle uskedalsfjella.

- Eigentleg bør ein ha lese Eddakvede for å vera heilt med på uttrykksmåten, skriv Olaf Agnar. Her er fabelen:

Kvede om Oskudal
(eller "Stel litt frå Edda")

Årle i old
såg eg ørner sigla
over svart sjø,
kvassøygd leitande
etter land og livsvon,
vokster og vår.

Høgt frå himmel
draup heilagt vatn
i doggfull dal.
Gjennom dække lier
rann elva Osk
fredfullt mot fjorden.

Skyme skuggar
i djupsvart høl;
men blank etter buken,
feit og fin,
var auren som leika
i ynskjeelva.

Kvitebjørn-kongen,
runde ruggen,
skygde for sola.
Berre dei bjartaste
gull-lokkene
glima i nord

der ljusbrynte
drembedrosa
freidig stod fram
i all sin venleik
og baud belaren
varmt velkomen.

Høgt til hest
reid djerve drotten
over fjella fram,
over huldreheimar fram,
gjennom drivande røyk
og leikande meinlogar.

Unge Odins-sonen
med sverdet
som sjølvo seg brår,
var hit komen;
skulle henta
si fagraste frille.

Veidande varg
frå aude vidder,
vende nasen mot vest,
spissa øyro og lydde;
vêra vanlagnaden
som var i vente.

Det gøyste eiter
og gneistar spruta
or gapande munnen
på fråneormen;
flygande draken,
vond i villskap.

Uvettet ylte,
det óma i fjell,
heile utgamle
jorda ho skalv
då spjot vart sett
i ormeryggen.

Ser vi i dag
kvilande kvitebjørnen,
ulvøyro som lyder,
hårute hestemanen
og draken daude.
Alt sett i stein.

Solvarm og tom.
står brurebenken
der ho eingong sat
gullhårs-drosa
som drotten henta.
Kvar er dei no?